



Byggmester Markhus AS
Kokstaddalen 6
5257 KOKSTAD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2290 - 17/35384

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

14.12.2017

Mellombels bruksløyve på vilkår - gbnr 137/799 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 607/17

Tiltakshavar: Byggmester Markhus AS

Ansvarleg søkjar: Byggmester Markhus AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.08.16.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Ferdigstilling av areal avsett til leik.
2. Beplantning og tilsåing av grøfter.

Byggesak har i tillegg avdekket og kommentert i korrespondanse på e-post den 14.12.17 at energianlegg ikkje er etablert i samsvar med søknad og gitt løyve. Det må difor sendast inn endringssøknad og søknad om dispensasjon for etablering av energianlegg slik det går fram av situasjonsplan sendt inn ved søknad om mellombels bruksløyve.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.04.18

Det vert elles vist til søknad motteken 27.11.17 og supplert 14.12.17.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve på vilkår for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	20 bueiningar fordelt på 3 bustader
Bygningsnummer:	300577104, 300577093, 300577077, 300577113
Bruksareal:	1657 m ²
Avløp:	offentleg
Vatn:	offentleg
Tal på røykløp:	0

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for 20 bueiningar fordelt på 3 bustader på gbnr 137/799 på følgjande vilkår:

1. Sandkasse, leikeapparat og huske skal være ferdigstilt innan 18.12.17.
2. Areal avsett til leik skal inngjerdast i samsvar med godkjent situasjonsplan innan 22.12.17.
3. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.04.18.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyrast. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2290

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggmester Markhus AS

Kokstaddalen 6

5257

KOKSTAD

Mottakarar:

Byggmester Markhus AS

Kokstaddalen 6

5257

KOKSTAD

Byggmester Markhus AS

Kokstaddalen 6

5257

KOKSTAD